



Stig Are Bergetun
Kubbaleitet 34
5916 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1897 - 18/16668

Saksbehandlar:

Christian H. Reinshol

Christian.Reinshol@lindas.kommune.no

Dato:

06.06.2018

Vedtak - mindre vesentleg endring av reguleringsplan Kubbaleitet - plan-id 1263-201215

Lindås kommune har motteke søknad om mindre vesentleg endring av reguleringsplan for Kubbaleitet, plan-id 1263-201215. Av søknaden framgår det at ein ynskjer å endre byggehøgda for område BF1 på plankartet frå 38,38 meter til 42,6 meter. Endringa vil kun gjelde for gbnr 137/739.

Bakgrunnen for søknaden er at gbnr 137/739 vart bebygd samstundes med at reguleringsplanen vart utarbeidd, og at ein i planarbeidet ikkje tok høgda for det nye bygget som vart etablert. Maksimal byggehøgda for den aktuelle eigedomen vart satt ut i frå eksisterande bustad på gbnr 137/48. Verken konsulent eller planavdelinga ved Lindås kommune har fanga opp dette undervegs i planarbeidet og ein ynskjer no å gjere ei mindre vesentleg endring av planen for å rette opp i dette slik at ein kan få byggeløyve til tiltak på 137/739.

Endringa har vore nabovarsla til berørte naboar for endringa. Det har ikkje kome inn nokre merknader til endringa frå naboar. Offentlege mynde har ikkje vore varsla om endringa då planavdelinga ikkje har sett at endringa vil berøre relevante ansvarsområde for desse.

VURDERING

Planavdelinga har vurdert den innkomne søknaden og kan ikkje sjå at endringa vil medføre nokre spesielle ulemper for naboar til den aktuelle eigedomen. Naboane knytt til eigedomen er orientert om tiltaket og det har ikkje kome inn nokre merknader knytt til dette. Den eksisterande bustaden er allereie etablert og godkjent av kommunen gjennom byggesøknad. Byggehøgda vil opne opp for at ein kan gå i gang med tiltak på eigedomen og sikrar at ein kan bygge opp tilsvarande bygg skulle dette verte naudsynt på eit framtidig tidspunkt. Endringa vil heller ikkje påverke andre tilhøve som planen skal bidra til å løyse då verken utnyttingsgrad, avkøyrslar eller byggegrenser vert endra.

MYNDE

Planavdelinga vurderer endringa som så liten at den fell inn under planendringar som kan handsamast administrativt utan politisk handsaming, jf. gjeldande delegasjonsreglement.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



VEDTAK

I medhald av plan- og bygningslova § 12-14, vert mindre vesentleg endring av reguleringsplan for Kubbaleitet, plan-id 1263-201215, godkjent slik det er søkt om. Det vert vist til plankart datert 16.05.2018.

GEBYR

Det skal betalast gebyr for handsaming av endring av reguleringsplan med små endringar som kan avgjerast administrativt, jf gebyrregulativ § 7.3.1. Gjeldande sats for denne handsaminga er kr 11.800,-.

OM KLAGE OG VERKNAD AV PLAN

Vedtaket om godkjenning kan påklagast av den som er part eller har rettsleg klageinteresse, jf plan og bygningslova § 12-12, 3. ledd. Klagefristen er etter forvaltningslova § 29, 3 veker frå denne kunngjeringa. Eventuell klage bør grunnjevast og skal stilast til Fylkesmannen i Hordaland og sendast til:

Lindås kommune, plan- og miljøutvalet, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ, eller til postmottak@lindas.kommune.no innan 13.02.2016.

Reguleringsplanen fastset framtidig bruk i området, og er bindande for nye tiltak og utviding av eksisterande tiltak, jamfør plan- og bygningslova § 12-4. Det vert også vist til plan- og bygningslova § 15-2 og § 15-3, krav om innløysing og erstatning for tap ved reguleringsplan. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. forvaltningslova § 27b.

Med helsing

Frøydis Ones
avdelingsleiar

Christian H. Reinshol
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om mindre endring-justering av område BF1- Kubbaleitet Reguleringsplan
Framlegg justering plankart BF-1
Utsnitt BF-1 eksisterande plankart
Plankart Kubbaleitet 16.05.2018
Samtykke naboar endring av BF1- Kubbaleitet reguleringsplan

Kopi til:

Sommero Panorama as

Mottakarar:

Anders Rolland Jacobsen	Kubbaleitet 6	5916	ISDALSTØ
Anja Rambjør Brendehaug	Kubbaleitet 4	5916	ISDALSTØ
Gro Helen Dale	Isdalstøbakken 67	5916	ISDALSTØ
Hanne Vagstad Rognlie	Kubbaleitet 6	5916	ISDALSTØ

Mottakarar:

Hordasmia Holding AS		5916	ISDALSTØ
Laila Føreland	Kubbaleitet 10	5916	ISDALSTØ
Linda Maria Aslesen	Kubbaleitet 2 A	5916	ISDALSTØ
Ronny Johnsen	Kubbaleitet 2 A	5916	ISDALSTØ
Siri Virkesdal	Kubbaleitet 34	5916	ISDALSTØ
Sommerro Panorama AS	Osterfjordvegen 124	5914	ISDALSTØ
Stig Are Bergetun	Kubbaleitet 34	5916	ISDALSTØ
Stig Brendehaug	Kubbaleitet 4	5916	ISDALSTØ